

Ankar frå skøyte opp etter 50 år

15.08.2008



Dei ferierande Espen Hornslien og Ask Olsson Aabø frå Oppsal i Oslo gjorde ein sjeldan fangst ved Eikelandet torsdag kveld: Gutane skulle ta opp ei krabbeteine men det enda med at dei også fekk opp eit ankar som truleg skriv seg frå ei skøyte som sokk for omlag 50 år sidan,

Gutane er på ferie på naustet som Finn og Borghild Snuggerud og Audun og Liv Eik eig i lag. Espen er oldebarnet til Sigvald Eik.

Gutane drog ut med båt for å ta opp krabbeteina som låg om lag 50 meter frå land.

- Ho var beintung og vi trudde vi hadde fått ein diger fisk. Vi måtte ropa på hjelp, seier Espen og Ask.

Gradvis fekk dei så trukke ankeret opp til båtripa og køyrt det til lands. Det var ein hard jobb, for ankeret veg meir enn 30 kilo.

Men så kom spørsmålet: Kvar skriv ankeret seg frå? Bjørgulv Eik trur det skriv seg frå den store, kanskje 40 fot lange skøyta til Arne Myklebust. Han hadde fått lov til å ankra ho opp av nausteigar Abel Eik, men båten fekk ei våt grav utanfor naustet.

Truleg var det i 1958 og Bjørgulv minnes at skøyta tok inn vatn og sokk i samband med ein storm. Ho vart liggjande på 20-25 meters djup og ligg der den dag i dag utan at det er gjort nokon freistnad på å heva ho.

Ein annan eldre uskdeling hugsar skøyta godt og opplyser til uskedalen.no at ho heitte Frida. Båten var ikkje av dei raskaste i bygda, men var ofte utleigd til diverse føremål.

Ein gong skulle Frida transportera fotball-laget til Ølen og starta tidleg om morgonen. Då dei kom fram undrast vertane på kvifor dei heldt berre halv fart. Også heimturen tok si tid og dei var ikkje heime att før bortimot midnatt.

Men no har altså dette spesielle minne – eller klenodium om ein vil – frå skøyta kome for dagen.

Hva som skal skje med ankeret er ikke avgjort, men det får sikkert ein heidersplass på egedomen.

Av Ola Matti Mathisen



Ankaret er truleg frå Arne Myklebust si fiskeskøyte. (Foto: Ola Matti Mathisen)